SANDE KOMMUNE

# Tips til undringssamtale – føresette

| | | |
|---|---|---|
| | **Undringssamtale er ein samtale med føresette når ein vert oppmerksam/uroa for eit barn eller omgivnadane kring barnet.**<br><br>**Denne samtalen haldast så raskt som mogleg etter merksemda/uroa har oppstått.**<br><br>**Fokus på tidleg dialog og involvering.** | • Gjennomførast så tidleg som mogeleg<br>• Fordi saker er ulike vert denne samtalen ofte ulik frå sak til sak. Her vert skjønn viktig. Samtalen kan være:<br>a. ein planlagt og innkalla samtale.<br>b. ein kort og uformell samtale, for eksempel ved henting/levering eller på telefon.<br>• Undringa bør være konkret (kva er det som faktisk er sett, høyrt, observert…)<br>• Skal være ein samtale der personalet ikkje har nokon «fasit» eller haldning til korleis saka er, men meir ein undrande samtale (kva kan det skuldast at…?)<br>• Skal være ein samtale der personalet raskt kjem til saka, fortel kort om kva dei undrar seg over og spør foreldra kva dei tenkjer om dette. |
| | **Forslag til struktur:** | 1. Velkommen<br>2. Kort om bakgrunn for samtale<br>3. Be foreldra om innspel på kva dei tenkjer om det dei høyrer<br>4. Utforsk saman med foreldra kva observasjonen botnar i<br>5. Vert einige om mål og vurderingstidspunkt (Kva vil vi sjå? Når?)<br>6. Vert einige i kva som skal gjerast i første omgang<br>7. Tiltak |
| | | Etter ein slik samtale held «stafetthaldaren» (den som har gjennomført samtalen) tak i merksemda/uroa.<br><br>Er det ikkje grunn til vidare merksemd vert saka avslutta. |

Ved mistanke om **vald**, **overgrep** eller **alvorleg omsorgssvikt** – meld saka **direkte** til barneverntenesta (70058800 / 91576020) og/eller politi (02800)